

Adressatar

## Sogn og Fjordane fylkeskommune sin eigarskap i Sogn og Fjordane Energi AS - orientering om fylkestinget sitt vedtak i sak 46/18

Dette brevet går til alle kommunane i Sogn og Fjordane fylke som vert ein del av Vestland fylke frå 01.01.2020.

Sogn og Fjordane fylkeskommune eig gjennom holdingselskapet Sogn og Fjordane Holding AS 49,557 prosent av aksjane i Sogn og Fjordane Energi AS (SFE).

Fylkestinget gjorde 04.12.18 i sak 46/18 slikt vedtak:

*1. Sogn og Fjordane fylkeskommune har til hensikt å overføre inntil 80 prosent av fylkeskommunen sine aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS til kommunane i Sogn og Fjordane, innanfor rammene av søksmålet mot BKK og innanfor rammene av ein rettskraftig dom i saka.*

*Overføringa føreset at*

- det vert rettskraftig avgjort at overføringa ikkje utløyser forkjøpsrett til Sogn og Fjordane Holding AS sine aksjar i Sogn og Fjordane Energi AS*
- kommunane får konsesjon frå Olje- og energidepartementet til å eige*
- aksjeoverføringa ikkje får negative konsesjonsrettslege konsekvensar for Sogn og Fjordane Energi AS eller selskapet sine dotterselskap.*

*2. Dersom føresetnadene i pkt. 1 vert oppfylte, vil fylkestinget*

- gjere vedtak om overføring og samstundes fastsetje kor mange av fylkeskommunen sine aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS som skal overførast til kommunane i Sogn og Fjordane*
- fastsetje korleis aksjane skal fordelast på kommunane og*
- fastsetje når og på kva vilkår overføringa skal skje.*

*3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen, i samråd med Sogn og Fjordane Holding AS, utarbeide utkast til aksjonæravtale og nye vedtekter for Sogn og Fjordane Holding AS for endeleg godkjenning i fylkestinget samstundes med at fylkestinget gjer vedtak om overføring av aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS til kommunane.*

4. Fylkesutvalet får fullmakt til å syte for at generalforsamlinga i Sogn og Fjordane Holding AS gjer vedtak om endringar i selskapet sine vedtekter for å førebu overføringa av aksjar til kommunane innanfor rammene av søksmålet mot BKK, mellom anna ved å opprette to aksjeklassar i selskapet.

Her er fylkesrådmannen sitt saksframlegg: [http://www.sfj.no/ato/esa62/document/framlegg-saknr46\\_2018-cat344489-mid108503\\_d7cb38de68.18158187d18158187.171291cf68.pdf](http://www.sfj.no/ato/esa62/document/framlegg-saknr46_2018-cat344489-mid108503_d7cb38de68.18158187d18158187.171291cf68.pdf)

Fylkeskommunen ønskjer no å orientere kommunane som mottek dette brevet om arbeidet med å følgje opp vedtaket i fylkestinget. Av omsyn til oppfølginga må det klarleggjast kva for kommunar som truleg vil ønskje å gå inn som eigarar i Sogn og Fjordane Holding AS på dei vilkåra som vil gjelde for overføring av eigarskapen.

Slik fylkestinget sitt vedtak viser, er det ein føresetnad for overføring av aksjar til kommunane at «det vert rettskraftig avgjort at overføringa ikkje utløyser forkjøpsrett til Sogn og Fjordane Holding AS sine aksjar i Sogn og Fjordane Energi AS». Fylkeskommunen fekk medhald i Sogn og Fjordane tingrett om at ei overføring ikkje utløyser forkjøpsrett, men den andre store eigaren i SFE, BKK, har anka dommen til Gulating lagmannsrett. Ankeforhandlingane er fastsett til 26.-28. februar 2019, og det er grunn til å vente ein dom frå lagmannsretten i mars månad.

Fylkesutvalet tek sikte på å leggje fram eit forslag til endeleg «kommunemodell», inkludert utkast til aksjonæravtale og vedtekter, for fylkestinget si tingsete 4. og 5. juni 2019.

Føremålet med aksjeoverføringa til kommunane er å sikre at dei verdiane som ligg i den fylkeskommunale eigarskapen i SFE, vert verande i Sogn og Fjordane også etter samanslåinga av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar. Kommunar som ønskjer å gå inn som eigarar i Sogn og Fjordane Holding AS må difor vere innstilt på å vere langsiktige eigarar som lojalt bidreg til å verne om den viktige økonomiske og strategiske rolla SFE har i Sogn og Fjordane.

I fylkesrådmannen sitt saksframlegg til fylkestingssak 46/18 er dei kommunale aksjonæranne i SFE si eigarutøving framheva som ein sentral premis for fylkesrådmannen si tilråding til vedtak, jf. side 7 i saksframlegget:

*«Sjølv om tilfredsstillande fondsvedtekter skulle kome på plass, vil eg ikkje tilrå at eit fleirtal av aksjane i SFH skal forvaltast gjennom Vestland fylkeskommune sitt utviklingsfond. .... **Kommunane har også i lang tid vist at dei er gode og langsiktige eigarar i SFE.**» (utheva her)*

Den planlagde overføringa av aksjar vil mest truleg kunne omfatte alle kommunane som mottek dette brevet. For fylkeskommunen er det ein sentral føresetnad at alle kommunane som vel å få overført aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS, tek på seg å opptre som gode og langsiktige eigarar. Det vil difor truleg bli sett vilkår om at alle nye aksjonærar i Sogn og Fjordane Holding AS sluttar seg til ein aksjonæravtale, som m.a. skal regulere:

- kven som kan eige aksjar
- forkjøpsrett
- forbod mot overdraging av B-aksjar
- fredingsføresegner
- forvaltning av utbytte

SFE har ei tid vore engasjert i utgreiingsarbeid og prosessar av stor strategisk betydning for selskapet, mellom anna ein mogleg fusjon med Sunnfjord Energi AS. Fleire av kommunane som potensielt kan få overført aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS er aksjonærar i det sistnemnde selskapet. Vi reknar med at alle desse kommunane, også fram til dei eventuelt går inn som eigarar i Sogn og Fjordane Holding AS, tek omsyn til dei strategiske interessene til SFE.

På bakgrunn av det som er skissert i dette brevet, ber fylkeskommunen no kommunane om å stadfeste eventuell interesse i å overta aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS. Vi ber ikkje kommunane om ei bindande erklæring på det noverande tidspunktet og legg difor til grunn at det ikkje er naudsynt med ei omfattande kommunal handsaming av denne førespurnaden.

Vi ber om tilbakemelding, anten kommunen er interessert eller ikkje, innan 15. mars 2019.

Med helsing

Jenny Følling  
fylkesordfører

Tore Eriksen  
fylkesrådmann

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Kopi: Fylkesutvalet

Mottakarar:

Aurland kommune Vangen 1 5745 AURLAND  
Årdal kommune Statsråd Evensensveg 4 6885 ÅRDALSTANGEN  
Lærdal kommune Postboks 83 6886 LÆRDAL  
Luster kommune Rådhuset 6868 GAUPNE  
Sogndal Kommune Postboks 153 6856 SOGNDAL  
Leikanger kommune Skrivarvegen 7 6863 LEIKANGER  
Balestrand kommune Kong Beles veg 20 Rådhuset 6899 BALESTRAND  
Vik kommune Postboks 134 6891 VIK I SOGN  
Høyanger kommune August Gunnarskogsgt. 1 6993 HØYANGER  
Hyllestad kommune Kommunehuset 6957 HYLLESTAD  
Gulen kommune Eivindvikvegen 1119 5966 EIVINDVIK  
Solund kommune 6924 HARDBAKKE  
Askvoll kommune Postboks 174 6988 ASKVOLL  
Fjaler kommune Dalstunet 20 6963 DALE I SUNNFJORD  
Gaular kommune Vadheimsvegen 15 6973 SANDE I SUNNFJORD  
Førde kommune Postboks 338 6802 FØRDE  
Naustdal kommune Tunavegen 6 6817 NAUSTDAL  
Flora kommune Postboks 264 6900 FLORØ  
Bremanger kommune Postboks 104 6723 SVELGEN  
Gloppen kommune Grandavegen 9 6823 SANDANE  
Jølster kommune 6843 SKEI I JØLSTER  
Stryn kommune Tonningsgata 4 6783 STRYN  
Eid kommune Rådhusvegen 11 6770 NORDFJORDEID  
Vågsøy kommune Postboks 294 6701 MÅLØY  
Selje kommune 6740 SELJE